

# Strategi for spesielle tilskot i jordbrukets kulturlandskap



**STRAND KOMMUNE**  
**2018 – 2021**

Godkjent i formannskapet 29.11.17

Bakgrunn	2
Overordna føringar	2
Regelverk	2
Prosessen	2
Fakta om jordbruket, kulturlandskapet og vassførekomstar i kommunen	3
Mål og tiltak for kulturlandskapet og vassførekomstar	3
Retningslinjer og vilkår for tilskot	4
Lokale fristar for søking og kommunal sakshandsaming	4
Tilskotssatsar	5

---

## Bakgrunn

Hovudformålet med denne strategien er å stimulere aktive landbruksføretak som søkjar om produksjonstilskot og avløysartilskot til ein ekstra innsats ut over den daglege drifta på tiltak innan kulturlandskap og ureining. Gjennom denne SMIL-strategien vil kommunen i samarbeid med faglag landbruket, være med på å ta vare på landbrukets kulturlandskap i tråd med nasjonale og regionale føringar for landbruks-politikken. Ivaretaking av kulturlandskapet ut over normal landbruksproduksjon etter naturmangfaldlova og å redusere ureining etter vassforskrifta er framheva som sentrale satsingsområde.

## Overordna føringar

Følgjande styringsdokument ligg til grunn for arbeidet og prioriteringane:

- Kommuneplan godkjent 12.09.12
- Landbruksplan for Strand 2014 - 2020
- Regionalplan for landbruket i Rogaland
- Regional plan og regionalt tiltaksprogram for vannforvaltning i Vannregion Rogaland
- Meld. St. 11 Landbruks- og matpolitikken
- Nasjonalt miljøprogram 2012
- Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket

## Regelverk

Utarbeiding av tiltaksstrategien og bruken av ulike tilskotsordningar er heimla i «Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket» § 1 og § 8.

Kommunen har rettleiings- og tilretteleggingsansvar og er vedtaksmyndigheit for alle søknadar på SMIL-tilskot. Fylkesmannen har mellom anna ansvar for å legge til rette for at kommunane har gode rutinar i si sakshandsaming, handsamer søknadar om dispensasjon og er klageinstans på kommunale vedtak.

## Prosessen

Ei lokal arbeidsgruppe har fått ansvaret for å gje SMIL-strategien innhald. Det er gjennomført ein høyringar med bondelag og bonde- og småbrukarlag, høyringsforslag vart sendt ut 25.08.17, med høyringsmøte den 30.10.17.

Tiltaksstrategien er behandla i formannskapet den 29.11.17, i sak 136/17.

## Fakta om jordbruket, kulturlandskapet og vassførekomstar i kommunen

### Kort om landbruket

Det er 140 føretak som søker produksjonstilskot, 95% av drifta areal er grasproduksjon. Overflate og fulldyrka areal utgjer 12700 dekar, det er 12500 dekar innmarksbeite pr. 2017. Matjord er ein knapp og ikkje fornybar ressurs, i Strand har vi berre mogelegheit for å dyrke 2500 dekar. Av desse vil truleg 1000 dekar gå til utbygging av industriområde og infrastruktur, vi sit igjen med 1500 dekar som er egna for førkorndyrking. Mjølke har teke seg godt opp i Strand, sida 2008 til 2016 har mjølkeproduksjonen auka med 30% til 5100000 liter. Ammekyr har auka i takt med nedlegging av mjølkebruk, saueproduksjonen ligg på godt 6000 vinterfora sauer. Kylling og egg har teke seg opp dei siste åra. Det er eit drivhus i drift og to personar som satsar på frukt. Landbrukseigedomane i Strand er små med oppdelte teigar spreidd rundt i nærområdet, dette utfordrar drift på små areal med dei store landbruksmaskinane vi har i dag. Dette utfordrar kulturlandskapet med gjengroing.

### Mål og tiltak for kulturlandskapet og vassførekomstar

#### Kulturlandskap

I Strand har vi eit område som er registrert som kystlynghei med verdi A, for dette området har vi utarbeida ein skjøtselplan, ein ønskjer nå å søker midlar for tiltak i området. Vi har i vår kommune mange elvestrekningar som har elvemusling, ein ønskjer her å få kartlagt denne raudlistearten slik vi kan betre ta vare på den. Vi har også mosar og lav som er raudlista, det vert stadig funne fleire artar i kommunen, det er difor viktig at ein ved sakshandsaming bruker artsdatabanken og Naturbasen aktivt for å fange opp nye og gamle registreringar. Lokalt bruker ein også Naturvernforeninga som støttespelar ved større inngrep i landskapet. For bygningar bruker vi SEFRAK registeret aktivt og Askeladden, det er viktig å ta vare på dei eldste bygningane i landbrukets kulturlandskap, slik vi kan vise neste generasjon korleis det ein gong var og få sjå den utviklinga landbruket har hatt dei siste 100 åra. Når det gjeld bruk av skog/ utmark, så tek dette seg opp, med at ein opparbeidar meir beiter og nydyrkar innmarksbeiter. Lokale grupper opparbeidar stadig fleire stiar i skog/ utmark med eige turkart og merka stiar.

#### Viktige vassførekomstar

Strand kommune er del av Ryfylke vassområde, vi har fått overvake fleire vatn i kommunen, det er fleire vatn som har behov for oppfølging då dei ligg i moderat kvalitet. Vi skal overvake fleire vatn for å få ein fullstendig oversikt. Vi har fått løyvd pengar frå Rogaland fylkeskommune til vidare overvaking. Det er fleire elvar / bekker som har elvemusling, desse må vi ha spesiell fokus på. Når ein har kome fram til tiltak som må gjerast for å minske avrenning / forureining, kan SMIL – midlane hjelpe som utløysande for å få gjennomført tiltak. Når ein får full oversikt kan ein lettare sette opp ei prioriteringsliste. Vostervatnet og Norlandsvatnet vil få spesiell fokus i forhold til vasskvalitet og elvemusling.

#### Tilrettelegging og planlegging av tiltak

Strand kommune har søkt Miljødirektoratet om midlar for overvaking / registrering av elvemusling i Strandaånå og Tauvassdraget. Vi har i samarbeid med fylkesmannen fått til ei registrering/ overvaking i 2016, denne gav svar på kor dei fleste førekomstane er og kva eventuelle tiltak vi må gjer for å ta vare på arten. SMIL – midlane vil her var til hjelp for bøndene slik at ein kan få utført tiltaka som måtte vere nødvendige. Ein har løyvd pengar til skjøtselplan for område kystlynghei.

## Retningslinjer og vilkår for tilskot

Det kan gjevast tilskot til kulturlandskapstiltak som ved skjøtsel, vedlikehald og istandsetjing som ivareteke natur- og kulturminneverdiar i jordbrukets kulturlandskap. Her følgjer nokre aktuelle tiltak:

1. Biologisk mangfald: Bevare livskraftige bestand og oppretthalde leveområder og spreingsvegar for elvemusling. Etablering og stell av kantsoner langs åker, stiar og vassdrag. Gjenopning av bekker og grøfter. Etablering av reinseparkar og fangdammar. Oppfølging av vassforskrifta, miljøutfordringane i aktuelle vatn med tiltak. Etablering av lagerplass for rundballar for å hindre avrenning til vatn og vassdrag, med prioritet i forhold til lokal tiltaksstrategi. Tilskotsgrunnlag maksimalt 50 - 90%.
2. Hindre spreing av ugras frå område som ikkje er i drift ( langs kommunale, fylkes og private vegar, steintippar, m.m.), og som er problemområde for andre områder som er i drift, (gjeld ikkje nedsprøyting av anna kulturmark). Område som ikkje er i drift som har stor kulturlandskaps verdi, kan ein søkja midlar til å fjerne ugras. Tilskotsgrunnlag maksimalt 70%.
3. Tilskot til fjerning av arter som er svartelista, vi bruker artsdatabanken si opplisting frå hefte "Fremmede arter i Norge". Tilskot maksimalt 70%.
4. Bevara freda og verneverdige bygningar. Stimulera til restaurering og bruk av gamle, bevaringsverdige bygningar i jordbruket. Bygningar med høg verneverdi (SEFRAK A og B). Tilskotsgrunnlag maksimalt 35%. Ta vare på bygningar med lokalt særpreg som ikkje gjev grunnlag for inntekt til garden, som naust, skogskoier, mjølkekrakkar, kvernhus, buplassar, steingardar, gilar, hustufter, ruinar og andre bevarings verdige kulturminne . Tilskotsgrunnlag maksimalt 70%.
5. Gjerdehald for auka bruk av utmarsareal ( gjeld ikkje inngjerding av eigedomsgrenser) og auka tilgjengelegheit for husdyr til utmarkareal. Gjerdehald til ny moderne gilar, her meiner ein bruk av nettinggjerde i staden for steingardar. Ein kan og sjå det som trafikkiseringstiltak, der ein slepp å drifte dyr på trafikkfarlege vegar. For å auke bruk treng ein nye gjerde som skil innmark og utmark i fleire teigar, dette for å få eit hardt beitepress, samt minske risiko for snyltarar. Tilskotsgrunnlag 40%.

## Lokale fristar for søking og kommunal sakshandsaming

Merk at den avtalte fristen for kommunane å fatte vedtak etter SMIL-ordninga for inneverande år er

- 1. november: kommunar som IKKJE har fått ekstra SMIL-midlar etter førebels rapport
- 1. desember: kommunar som har fått ekstra SMIL-midlar etter førebels rapport

Fristane kommunen har sett for søking på SMIL-midlar er:

- Vår: 1. mai
- Haust: 1.oktober

Vedtak etter SMIL-forskrifta i kommunen fattast administrativt av landbrukskontoret.

## Tilskotssatsar

Skal ligge til grunn for utmåling av tilskot og ved ev. klage på tilskotssats må Fylkesmannen rette seg etter dei kommunale tilskotssatsane.

**Prioritet:** skala frå 0 til 10 (0 har lågaste prioritet og lågast tilskotssats).

**Tilskotssats:** høgaste tilskotssats som kommunen kan løyve, og må stå i forhold til prioritet.

Forskriftstype		Prioritet	Tilskotssats inntil...
Kulturlandskap	Biologisk mangfald	10	90
	Naturbeitemark	5	40
	Kystlynghei	9	80
	Gamal kulturmark	6	50
	Gjerdehald i utmark	5	40
	Freda/verneverdige bygg	5	35
	Andre kulturminne/miljø	7	70
Ureiningstiltak	Reinsepark, fangdam mv...	10	80
	Hydrotekniske anlegg	5	35
	Lagerplass for rundballar	8	50
	Oppsamling frå veksthus	0	0
	Jordvoller	0	0
	Anna ureiningstiltak	9	80
Planlegging	Turstiar/ parkering	0	0
	Skjøtselsplan	8	80
	Informasjon	8	80
	Kart	0	0